

Kjem heimetenesta til å ha ein base i Uskedalen også i framtida?

23.03.2017



Det var Hilde Enstad(A) som brakte omsorgstenesta i Uskedalen inn i budsjettdebatten.

Saka om organiseringa av heimetenesta i Uskedalen vart diskutert då saka om konsekvensar av budsjett 2017 var oppe på kommunestyret i kveld. Det var representantane Hilde Enstad(A) og Hege Lægreid Røssland(SF) som tok opp dette, og rådmann Odd Ivar Øvregård svara at det var ingen ting i den nye organiseringa som hindra at det framleis skulle vera folk i Uskedalen.



Hege Lægreid Røssland(SF) engasjerte seg også i saka frå talarstolen.

Det var Hilde Enstad(A) som først tok opp spørsmålet. Ho meinte det måtte politisk behandling til ved nedlegging av tenestestader, og ho spurde i samanheng med det om rådmannen kunne svara på dette. Ho viste då til det som var i ferd med å skje ved pleie og omsorgstenesta i Uskedalen. Hege Lægreid Røssland(SF) fulgte opp i sitt innleiingsinnlegg og bad om at rådmannen kunne svara på spørsmålet om endra tenestestad som han hadde fått frå Hilde Enstad.

Rådmann Odd Ivar Øvregård sa i svaret sitt at det no vert ein avgrensa basestruktur der det vert to område i heimetenesta sett under eitt, men han la til at dette ikkje betyr ikkje at det ikkje skal vera folk i Uskedalen, men dei skal vera ein del av ei større samanheng.

Hege Lægreid Røssland fulgte opp svaret med å understreka kor viktig det var at strakshjelp var lett tilgjengeleg, og kor viktig det var for at brukarane kunne føla seg trygge. Trygge brukarar ville gjera at dei kunne vera lengre i heimen, og det ville hindra auka press mot bufellesskap og sjukeheimar. Ho sa og at ho ut frå svaret frå rådmannen oppfatta det som om ein kunne oppretthalda base i Uskedalen innanfor den nye organiseringa.

Saka har vore eit heitt tema i bygda dei siste vekene, og det var derfor positive signal som kom fram i kommunestyret. Det vert spennande å høyra fleire detaljar om organiseringa når pleie- og omsorgstenesta er tema på neste møte i Uskedal utvikling. Det er framskunda til 29.mars kl.19 i Gamleskulen.

Vi har tidlegare skrive om saka [HER](#).

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Kvinnheringen